



SELJE KOMMUNE
6740 Selje

Telefon 57 85 85 00
Telefax 57 85 85 01
E-post post@selje.kommune.no

Dato 12.01.2015

Det kongelege
Samferdselsdepartement
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

HØYRING: Ny postlov

Regjeringa, ved samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen, har gjort framlegg til ny postlov. Lova opnar for full konkurranse på postmarknaden og implementerer EU;s tredje postdirektiv.

Selje kommune ser med bekymring på konsekvensane for kommunen og distrikts-Norge dersom ny postlov vert innført. Kommunen støttar ikkje framlegget og krev at framlegget til ny postlov med forskrift ikkje blir vedtatt.

Gode posttenester i heile landet er ein viktig del av infrastrukturen i samfunnet vårt og staten bør ha eit overordna ansvar for å syte for mest muleg likskap i tenestetilbod for alle delar av landet.

Postdirektivet pålegg full liberalisering også av brev under 50 gram og gjev dermed fri konkurranse av all post. Ei slik omlegging vil få store konsekvensar for posttenestene i distrikts-Norge og gjer dei både därlegare og dyrare. Posten Norge vil ved innføring av ny postlov miste store inntekter frå den mest lønsame delen av posttenestene. Erfaringar frå andre land viser at full konkurranse på posttenester har ført til at dei største bedriftene i såkalla «sentrale strøk» får redusert portoutgiftene, medan små og mellomstore bedrifter og befolkninga i det meste av landet elles, får därlegare og dyrare posttenester. Vi godtar ikkje därlegare rammevilkår for folk og næringsliv i distrikts-Norge enn for sentrale strøk.

Postomberinga er planlagt redusert til fem dager i veka. Dette vil ramme ein stor del av avisdistribusjonen. Vi støttar fullt opp om Landsforeininga for lokalaviser (LLA) som har gått hardt ut mot dette der dei meiner at 15 prosent av avisene i landet ikkje blir delt ut med regjeringa sitt framlegg. Dette vil sjølv sagt bli eit økonomisk problem for avisene med sin allereie hardt pressa økonomi, men i tillegg blir det og ei svekking av det posttilbodet innbyggjarane får og eit inngrep i den demokratiske offentlegheita som avisene utgjer.

Regjeringa bør i denne saka gjere seg bruk av reservasjonsretten mot innføring av postdirektivet i Norge.

Med helsing

Ottar Nygård
Ottar Nygård
Ordførar